



Er siste dans i Dønhauglåven allereie halde? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hvis politikarane i formannskapet under møtet torsdag seier ja til innstillinga frå rådmannen trugar Magne Huglen med å setta punktum for Dønhaug Gjestegard som feststad og avlyse alle dei planlagte arrangementa i sommar..**

**- Då blir det berre overnatting heretter, sa han til uskedalen.no onsdag kveld.**

Rådmannen går inn for at formannskapet skal oppretthalda vedtaket om eit tak på 250-300 gjester i låven når skjenkeløyvet vert nytta. Han avviser også søknaden frå Huglen om berre eitt skjenkeløyve og om utvida skjenketid ved uteservering.

På den andre sida går han inn for å innvilga søknaden om utvida skjenkeareal i samband med den planlagte konserten til "Dance with a stranger" 9. juni. Skjenketida vert sett til 01.00 men gjeld berre skjenking av alkoholhaldig drikk under 22 prosent. Løyvet gjeld for konsertområdet som er ca. to dekar og avgrensa av bygningar og industrigjerde. Det er ein føresetnad at politi er varsla og har godkjent antal vakter og at toalettkaapsiteten står i forhold til talet på gjester, heiter det i framlegget frå rådmannen.

Huglen anklagar kommunen for smålegheit.

- Det er tungt nok å driva med arrangement om ein ikkje også skal kjempa mot kommunen. Men kampen mot kommunen har vore og er det aller tyngste, seier Huglen. Han ynskjer å orientera formannskapet før vedtak blir fatta.

Rådmannen held fast ved at kjellaren og låven skal ha kvart sitt skjenkeløyve "for å ha kontroll over lovleg antal personar i kvart skjenkelokale til ei kvar tid". Når det gjeld utvida skjenketid, viser han til at alle skjenkestader i Kvinnherad har skjenketid ute til midnatt.

Om gjestetallet i låven skriv rådmannen at den er godkjent for inntil 250 spisegjester og inntil 495 ved konsert, dans og liknande – då utan bord og benkar. Desse tala er lagt fram av ansvarshavande – Prosjekt Konsult

Kvinnherad AS – som har dimensjonert areal/personal for bruk av låven til forsamlingslokale. Dette tala har Byggesak godkjent, påpeikar rådmannen.  
Han held fast på at talet på gjester ikkje kan overstiga 300 ved arrangement i låven når skjenkeløyve vert nytta.

Skjenkeløyvet ute, gjeldande for 150 personar, kjem i tillegg og kan ikkje "slåast saman" med skjenkeløyvet som gjeld inne i låven, heiter det i saksutgreiinga frå rådmannen.

Av Ola Matti Mathisen



Andrea Rice og Magne Huglen i läven i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)